

"Slorkjen", salmar og sjantiar

Til helga er det igjen tid for å dyrka kystkulturen. Inge og Vibeke har programmet på stell.

I morgon er siste høvet du får til å sjå Hengjo som ein konserarena, før bygget går inn i ein ny epoke og vert gjort om til eit museum for gamle båtbyggjarkunstar. Med Stord-bandet Storm Weather Shanty Choir, som syng sjantiar – arbeidarsongar for sjøfolk – vert det ein verdig overgang mellom dei to epokane, meiner arrangørane.

Kappestrid

Å ta vare på kystkulturen, anten det er snakk om fiske med landnot eller å ro oselvar, står Inge Halstensen sitt hjarta nært. Han osar av engasjement når han snakkar om ro-tevlinga som skal vera på laurdag. Langs heile den nesten 200 meter lange moloen skal publikum stå, medan tre og tre lag målar krefter bak årene.

– Me har lånt tre flotte færingar, ein frå Magnus Stangeland, ein frå Helge Møgster og ein frå

Dag Lindebjerg – det er ein do-ning av ein båt, "Slorkjen", laga av Peder Vassnes. Desse tre båtane er ganske like og har alle stått tørt, og kan samanliknast, bekreftar Inge. Det gler han at fleire lag har samla seg til trening i Vikje den siste veka, men han måtte le då han fekk høyra kva eit herrelag uttala nyleg.

– Dei meinte det ligg i blodet deira å kunna ro, dei trengte ikkje trenar.

Kva øy eller bygd desse herane representerer, treng ikkje nemnast. I alle høve ikkje før laurdag.

Frå kyrkja til dans

Om ikkje rekninga er heilt ute og ror, er dette den 25. gongen at Kystsogevokene vert arrangert i Bekkjarvik og Kvalvåg. Eit sett faste innspel vert det, som fiskekonkurranse for barn, buer med god mat og samtale med på Skjeret. I år opnar Tor Mikal Østervold laurdagen med ei tale, medan Ingrid Frølich, Torleif Sørli, Andreas Iversen og Inge sjølv skal drøsa om *når bymann vert stril*.

Sjølv om folkefesten som høy-



Inge Halstensen viser kvar ruta går når bygder og øyer skal ro om kapp på laurdag.

rer med står høgt i kurs, bør det helst klirra litt i kassa når helga er over òg. Difor vonar arrangørane at publikum finn vegen til konsertane både fredag og laurdag. Tradisjon tru vert det konsert i Stolmen kyrkje laurdagskvelden. Då kjem Marianne Juvik Sæbø og LJOM

mannskor til Kvalvågen. Marianne har utdanning frå mellom anna Griegakademiet, og syng salmar, folketonar, opera og musikalar – jamvel har ho sunge saman med Enslaved under Festspillene i Bergen.

Seinare same kveld speler Lollipop-favoritten Tor Endre-

sen opp til dans i paviljongen ved gjestgiveriet.

Sundagen vert helga avrunda med utegudsteneste på Skjeret.

M May Linn Clement
may.linn.clement@marsteinen.no

Suksesstart for Casa Mia

Lange køar og høgt tempo prega den nye restauranten, Casa Mia i Prestegarden på Storebø førre helg. Då dei opna dørene for fyrste gong.

– Det har vore litt av eit tempo, seier Camilla Can, som er kona til eigaren, Mahmut Can. Det er fyrst når journalisten tek turen ned i kjellaren onsdag føremiddag at tempoet er nokså roleg, skal ein tru ekteparet som har hatt mykje å gjera dei siste dagane.

– Det var roleg med ein gong me opna på laurdag, det var folk, men roleg. Etter det har det berre auka. På sundag var lokalet fullt og køen sto til utanfor døra, opplyser dei. Førebels er det rullekebabben som er den mest populære for dei under tjue, medan enchaladas og fajitas er favorittane blant kundegruppa over tjue.

– Det verkar som at folk liker at me har noko for alle, seier Camilla og viser til den innhaldsrike menyen deira. Dei har motteke mykje positive attendemeldingar og 36 av totalt 39 personar har gjeve restauranten fem

av fem stjerner på Facebook-sida deira.

– Me er takksame for at så mange stadig vekk kjem og et hos oss, seier Mahmut.

Knallstart

Med eit heilt nytt team som ikkje kjente kvarandre frå før, har det vore litt av ein innkøyringsprosess for å få drifta til å gå smertefritt for kundane.

– Me var eigentleg ikkje klare for å opna på laurdag, og å pynta vart det ikkje tid til. Etterspurnaden var så stor at me tenkte: på laurdag opnar me, seier Camilla og skryt over mannen som klarte å trylla fram meir mat då dei eigentleg var tomme og køen var lang på sundag. No som dei har kome i gang, ser dei fram til å få større oversikt over behovet både for tilsette og når på døget det blir aktuelt å halda ope.

– Det er ein stor meny og me må verta skikkelig kjent med han i fyrste omgang, seier Mahmut. Neste prosjekt blir å skaffa sjenke- og serveringsløyve til Drengastova, slik at dei til jul kan husa julebord og andre selskap i lokalet.

– Per dags dato kan me berre leiga ut til lukka arrangement, så det blir kjekt, seier dei to på-



Etter ei knall opningshelg kan Camilla og Mahmut stolt visa fram den nye restauranten sin.

drivarane. Det er Mahmut som driv restauranten, medan Camilla er med på laget når det trengs og då spesielt i starten til

dei har kartlagt behovet.

– Me er i alle fall veldig nøgde og ikkje minst takksame for den gode mottakinga, dette verkar

lovande, avsluttar Mahmut smilande.

M Severin Tøkje
redaksjonen@marsteinen.no